



# Fordypningsoppgave

**VPH724 Psykisk helsearbeid**

**Korleis nå fram når relasjonen bristar?**

**Amalie Larsen Håvoll**

**Totalt antall sider inkludert forsiden: 31**

**Molde, 23.04.2020**



## Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none"><li>• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.</li><li>• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.</li><li>• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.</li></ul>	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. <a href="#">Universitets- og høgskoleloven</a> §§4-7 og 4-8 og <a href="#">Forskrift om eksamen</a> §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i URKUND, se <a href="#">Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver</a>	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens <a href="#">retningslinjer for behandling av saker om fusk</a>	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av <a href="#">kilder og referanser på biblioteket sine nettsider</a>	<input checked="" type="checkbox"/>

# Personvern

## Personopplysningsloven

Forskningsprosjekt som innebærer behandling av personopplysninger iht.

Personopplysningsloven skal meldes til Norsk senter for forskningsdata, NSD, for vurdering.

Har oppgaven vært vurdert av NSD?

ja  nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

- Hvis nei:

Jeg/vi erklærer at oppgaven ikke omfattes av Personopplysningsloven:

## Helseforskningsloven

Dersom prosjektet faller inn under Helseforskningsloven, skal det også søkes om forhåndsgodkjenning fra Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, REK, i din region.

Har oppgaven vært til behandling hos REK?

ja  nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

# Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Karl Yngvar Dale

## Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven. §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

**Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:**

ja     nei

**Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?**

ja     nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

**Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?**

ja     nei

Dato: 23.04.2020

**Antall ord:**

8659

## Sammendrag

Ungdom som har slutta på vidaregåande, som ønsker hjelp til å starte på skule eller i arbeid treng å få god oppfølging, for å best mogleg klare overgangen til arbeidsretta aktivitet. Ein kvar ungdom ein møter er unik og krev at miljøterapeuten i arbeidstreningstilbodet inntoner seg ulikt. Dersom det er utfordring i samhandlinga må miljøterapeuten og dei andre tilsette som møter desse ungdommane vere fleksible og kreative for å bevare relasjonen. Blir det brot i relasjon er det alltid den profesjonelle som har hovudansvaret for å ordne opp. Det er derfor viktig at tilsette ved hjelpetilbod for ungdom er reflektert og bevist seg sjølv i møte med ungdom dersom relasjonen sviktar, og ungdommen uteblir frå arbeidstreninga. Det å inntone seg miljøterapeutisk er ein kollektiv aktivitet, og det er viktig at dei tilsette i arbeidstreninga er samstemte i møte med ungdommen.

## Innhold

<b>1.0</b>	<b>Introduksjon</b> .....	<b>8</b>
1.2.	Problemstilling.....	9
1.3	Litteratursøk.....	9
<b>2.0</b>	<b>Teoridel</b> .....	<b>10</b>
2.1	Broen .....	10
2.2	Sjølvsykologi .....	10
2.3	Inntoning, inntoningssvikt og relasjonsbrot .....	12
2.4	Sjølvsykologisk miljøterapi og arbeid med ungdom.....	15
3.1	Leander .....	18
3.2	Teammøtet.....	18
3.3	Ettertanker.....	19
<b>4.0</b>	<b>Diskusjon</b> .....	<b>20</b>
4.1	Å forstå Leander i lys av sjølvsykologi .....	20
4.2	Kvifor kom ikkje Leander tilbake til Broen og kva kunne vi gjort annleis? .....	22
4.3	Kollektiv inntoning.....	26
4.4	Kan vi redde alle?.....	27
<b>5.0</b>	<b>Avslutning og konklusjon</b> .....	<b>29</b>

## 1.0 Introduksjon

I Norge er det per 13 juni 2019 25 % av elevar som ikkje fullfører vidaregåande utdanning etter fem år (statistisk sentralbyrå 2019). I følgje Sveinsdottir m.fl (2018) er unge utanfor utdanning og arbeid eit aukande europeisk problem. Jamfør at nordiske land har det lågaste antallet unge NEETS i Europa (Som vil sei not in education, employment or training). Likevel har det dei siste ti åra vore ei dobling av unge uføre mellom 18 – 29 år i Noreg. Nokon av faktorane som karakteriserer NEETS er lav gjennomført utdanning, lite erfaring i arbeidslivet, liten familiestøtte og lav økonomi (Sveinsdotter m.fl 2018). Ramsdal, Bergvik og Wynn (2018) gjennomførte ei kvalitativ undersøking som viser at til lengre ein ungdom er utanfor vidaregåande, dess mindre er sjansen for gjennomføring. Studien tematiserer at utdanningsnivået kan vere med på å påvirke både økonomi og helse seinare i livet, i tillegg syner studien at det og slutte på vidaregåande i seg sjølv kan gje psykiske belastning.

Eg jobbar som miljøterapeut på Broen som er ei praksisbedrift for unge utanfor vidaregåande. I arbeid med ungdom på Broen har eg erfart at relasjonen ungdommen får med dei tilsette har mykje å for kvaliteten på oppfølging. Dette blir understøtte av Pryce (2012) som undersøkte korleis mentorar i skulen nådde fram til den enkelt elev. Pryce viser at dei relasjonsfokusererte mentorane klarte å halde på relasjonen i større grad enn dei som var mindre fokusert på eleven.

Denne oppgåva handlar om ein situasjon der dei tilsette på Broen mislukkast med å nå fram til ein ungdom. Oppgåva handlar om møte med Leander som gjekk på Broen, og som ikkje lengre svarte når eg og dei andre tilsette tok kontakt med han. I denne oppgåva undersøkar eg kva det var som skjedde i møte mellom Leander, og kva vi kunne ha gjort annleis. Eg har valt å bruke sjølvpsykologi som teoretisk perspektiv og er særskilt opptatt av inntoning, oppgåva handla om miljøterapeutisk arbeid. I diskusjonsdelen brukar eg oppfølging og ikkje terapi som omgrep.



## 1.1. Problemstilling

I arbeidet med historia om Leander utpeika sjølvpsykologien seg som eit naturleg perspektivval, fordi denne tilnærminga er opptatt av terapeutens inntoning og empatisk søken. Dette samstemmer med mi erfaring om relasjonsarbeid som det grunnleggande for å gi god oppfølging. Oppgåva har eit hovudfokus på affektinntoning. Oppgåvas tematikk er kva som skjer når relasjonen sviktar gjennom inntoningsvikt av dei tilsette i arbeidstrening, korleis dei tilsette kan klare å reperare inntoninga, og kva som karakteriserer god inntoning. Oppgåva handlar om miljøterapeutisk arbeid og korleis inntoninga også er ein kollektiv aktivitet. Forteljinga om Leander som brått sluttar på Broen blir presentert under empiridelen av teksten. Dette gir grunnlag for følgande problemstillingar: *Korleis kan sjølvpsykologien anvendast miljøterapeutisk med ungdom i arbeidstrening? Korleis kan dei tilsette i oppfølging av ungdom bruke inntoning for å gjenvinne relasjon ved relasjonsbrot?*

## 1.2 Litteratursøk

I tillegg til pensum frå vidareutdanning i psykisk helsearbeid har eg gjort litteratursøk i fleire databaser, her er dei viktigaste funna: I oria gjorde eg søk på *god inntoning*: eg fekk 43 treff på søket og valte ut to bøker ein av Alsvåg, Frøland og Jackobsen (2014) og av Schibbey (2012). På søket *Inntoning og ungdom* fekk eg 10 treff og valte artiklane: Johnsen (2004) og Skårdalsmo, Bjørge og Harnischfeger (2017). På søkeordet *Attunement and Self-psychology* fekk eg 124 treff, av desse treffa valte eg boka av Erskine (2015). På søkeordet *Young NEET or NEET and Norway*, avgrensa til 2000 - 2020 artiklar, engelsk og fagfelleurdert fekk eg 887 treff og valte forskinga til Sveinsdottir m.fl (2018). På søket *Long-term dropout from School and Norway* avgrensa til fagfelle vurdert og tidsrommet 2000 – 2020 fekk eg 42 treff, av desse valte ut forskinga til Ramsdal, Bergvik og Wynn frå 2018. I Social Science database gjorde eg søk på «*Self-psychology*» and *Milieu therapy and Youth or Adolescence*, spesifiserte bok, bokkapittel, essey, rapport eller statestikk mellom 2000 – 2020 på engelsk, dansk, norsk eller svensk. Eg fekk 313 treff og valte artikkelen av Mishe (2011). I Psychinfo gjorde eg søk på *Therapeutic alliance and Youth and psychotherapy* eg fekk 90 treff og valte Karver m.fl (2008) På Søkeorda *therapeutic alliance and alliance ruptures and reparing* fekk eg 22 treff. Av desse valte eg artikkelen til Safran og Carter frå (2011).

## **2.0 Teoridel**

### **2.1 Broen**

Eg jobba som miljøterapeut i eit kommunalt tilbod som heiter Broen i Ålesund kommune. Broen er i eit tverrfagleg samarbeid med oppfølgingstenesta i fylket, vidaregåande og NAV. Tenesta gir arbeidstrening og oppfølging til unge som har slutta på vidaregåande, og det finst liknande tilbod som er ein del av IUNG samarbeidet, fleire plassar i Møre og Romsdal. Mandatet er å hjelpe ungdom mellom 16 – 23 år, som står utanfor arbeid og skule tilbake i vidaregåande eller i jobb. Verkemiddelet er arbeidstrening saman med dei tilsette og ute i bedrift med oppfølging. Vi er fire tilsette: to miljøterapeutar, ein arbeidsleiar og ein fagleiar. Broen fungera som ei bru tilbake igjen til vidaregåande, til arbeidslivet eller i nokon tilfelle til andre hjelpetiltak.

Broen har mellom 20 – 25 ungdommar i snitt per år, og om lag 50 % går over i vidaregåande skule, resterande får seg jobb, er i arbeidstrening eller går over i anna type kommunal hjelp. Dei tilsette på Broen jobbar saman med ungdommane i produksjonen og har andre aktivitetar som tur og matlaging saman med ungdommane. Etter to til tre månadar inne på Broen finn dei tilsette i samarbeid med ungdommen, praksisplass ute i bedrift, og fortsett oppfølginga i det ordinære arbeidslivet. Oppfølging av ein ungdom kan ofte vare inntil eit år eller til ungdommen har starta på vidaregåande igjen. Arbeidstrening og miljøterapi er dei grunnleggande verktøya til Broen. Det er fem ungdommar i gongen i den interne arbeidstreninga også går ein og ein ut i praksis.

### **2.2 Sjølvpsykologi**

Sjølvpsykologien høyrer til i den psykodynamiske tradisjonen. Kohut er ein sentral person i denne tilnærminga, han såg på svikt i nære relasjonar som grunnlaget for psykiske lidingar (Karterud 1997). Sjølvpsykologi er opptatt av samspelets effekt på enkeltpersonen og korleis ein blir forma av viktige andre heile livsløpet (Urnes 1997). Sjølvpsykologien er opptatt av at den profesjonelle møte den som går i terapi på ein måte som kjennes godt for vedkommande, i tillegg til at opplevingar frå tidlegare kan påverke personen (Hartmann 2008).

Kohut blei interessert i korleis terapeuten kunne endre seg for å nå den som går i terapi. Sjølvpsykologien legg vekt på terapeutens empatisk forståing og mindre vekt på å tolke den som går i terapi (Haugsgjerdet 2009). Empatien blir sett på som ein prosess, og den profesjonelle driv empatiske søken (Karterud 1997). Kohut er opptatt å møte den som går i terapi med empati og varme (Hartmann 2008). Sjølvpsykologien er ikkje teknikk, men ei tilnærming der affektinntoning og empatisk søken er den grunnleggande haldninga terapeuten bruker, for å komme nærmare den andre si oppleving (Myklebust og Bjørkly 2011). Sjølvsamanhang er relevant i denne retninga og handlar om å oppleve seg sjølv som samanhengande person. Hensikta til sjølvpsykologien er at den som går i terapi skal sjå seg sjølv gjennom terapeuten og å utvikle eit meir modent sjølv (Karterud 1997). Det å bli møtt med empati kan i følgje Kohut gjere at ein person fekk det betre og styrke sjølvsamanhang (Hartmann 2008).

I følgje Karterud (1997) blei Kohut opptatt av viktige andre i livet, dette kallast sjølvobjekt, det kan vere personar, dyr, organisjonar og andre ting vi omgir oss med som gir oss ein kjensle av å vere oss sjølv. Dette er med på å balansere ein person, medan mangelen på det kan skape ubalanse. Modninga og utviklinga av eit sjølv skjer med utgangspunkt i sjølvobjektrelasjonar. Det vil sei at relasjonane vi har er med på å forme oss som menneske. I ein god terapirelasjon kan den som går i terapi utvikle eit meir stabilt sjølv og oppleve seg møtt. Ved traume frå tidlegare kan det oppstå ei frykt for å oppleve noko liknande igjen, dette kallast re-traumatisering.

Kohut delar sjølvvet inn i tre polar: det grandiose, tvillingssøkande og det idealsøkande. Polane er forankra i kjernesjølvvet, som er det som utgjer eit sjølv. Det grandiose sjølvvet tenker at verda senterast rundt sin person og er avhengig av bekrefting frå omgivnadane for å stadfeste dette. Det idealiserande sjølvvet er opptatt av å ha noko eller nokon å støtte seg til som er større og tryggare enn seg sjølv. Den tvillingssøkande delen av sjølvvet handla om ei form for bekrefting gjennom likheit og søken etter eit fellesskap med andre. Dei tre polane i sjølvvet søker ulike sjølvobjekt, det grandiose sjølvvet søker eit speilande, det idealiserande eit idealisert og det tvillingssøkande eit tvillingssøkande sjølvobjekt (Karterud 1997). Polane er dynamiske, det vil sei at ein og same person kan trenge støtte i ulike polar. Hensikta med det tripolare sjølvvet er å forstå den som går i terapi empatisk og gi han eller ho ein kjensle av å bli møtt. Formålet er å få eit meir samanhengande og modent sjølv, og minske psykisk smerte (Karterud 1997). Det er viktig at terapeuten er

bevisst egne kjensler og veremåtar, og korleis dette både påverke den som går i terapi og terapeuten sjølv (Schibbye 2012).

Vitalitetsaffektar handlar om situasjonar av «livspust» eller å gjere noko som får deg i flyt. Døme på dette kan vere ei forelsking, ein god samtale, gjere noko du likar godt. I eit samanhengande sjølv vil ein kunne oppleve vitalitetsaffektar. I møte med personar som er svak på dette og har det vanskeleg, vil ein kunne styrke den andre i slike vitalitetsaffektar, ved å til dømes la den andre fortelje om det som er vanskeleg. Dette kan på sikt gjere at personen kjem nærmare vitalitetsaffektar (Urnes 1997).

### **2.3 Inntoning, inntoningssvikt og relasjonsbrot**

Daniel Stern er ein viktig bidragsytar til sjølvpsykologien, han skildra kontakta mellom spedbarn og omsorgspersonar som ein del av utviklinga til barnet. Foreldra tilpassa seg barnet for å gi passeleg omsorg, det er dette som er affekt inntoning eller inntoning. Stern brukte omgrepet den andre i stadenfor sjølvobjekt, eg vil og bruke den andre vidare i oppgåva. Stern er opptatt av utviklinga av eit sjølv frå spedbarn til vaksen (Urnes 1997) slik Stern forstår det utviklar sjølv seg heile livet (Stern 1985 i Johnsen 2004). Barn som har hatt inntonande foreldre, vil kunne utvikle eit stabilt forhold til seg sjølv, og vere meir robuste i møte med verda (Schøjdt 2007). Inntoning er eit sentralt verkemiddel i terapien, og blir brukt for å hjelpe den andre å ha det betre med seg sjølv og opplevde den terapeutiske relasjonen som trygg og meningsfull (Erskine 2015).

Når vi inntoner oss avpasser vi oss og forsøker å finne det som er passeleg for den andre (Stern 2004 i Svantorp 2011). Med inntoning ønska terapeuten å nå fram til den andre sine følelsar (Myklebust og Bjørkly 2011). Bowlby skildrar at barnet treng ein trygg base for å utforske verda, tryggleiken i relasjonen med terapeuten gjer at den andre klarer å komme i kontakt med sine egne kjensler (Schibbye 2012).

Erskine (2015) såg på det å opprette kontakt som ein grunnstein til god inntoning. Inntoning er meir enn å vere empatisk, det er ein prosess, som startar med at terapeuten er sensitive ovanfor korleis ein person har det og kva personen treng. Det å ha opplevd manglande inntoning som barn kan få uttrykk i korleis eit menneske har det som vaksen (Svantorp 2011).

Når terapeuten inntoner seg er det av betydning at ho eller han er bevisst kva kjensler som er sine og kva som tilhøyrrer den andre part. For å kunne reflektere over seg sjølv i terapeutrolla er det sentralt å ha kontakt med eigne kjensler. For å vere sjølvreflekterande må ein vere fleksibel i tankane og forsøke å sjå seg sjølv og situasjonen utifrå. Terapeuten definerer ikkje den andre sin oppleving, men let den andre fortelje kva han føler (Schibbey 1998). Det å inntone seg rett kan gjere at manglande inntoning frå tidlegare kan bli kompensert for. For at relasjonen skal virke er det viktig at det terapeuten sei har ei viss betydning for personen. Relasjonar som ikkje er prega av inntoning kan bli prega av tomheit, angst, frustrasjon og aggresjon (Erskine 2015).

Inntoninga er meir enn ord, det er også det som er non-verbalt (Erskine 2015), det kan vere ein felles aktivitet (Myklebust og Bjørkly 2011). I frå ei kvalitativ undersøking på ei sjukehusavdeling legg pasientane vekt på at inntoninga ikkje nødvendigvis er ein samtale, men det å fange opp den andre sine behov: som ein kopp kaffi eller kva vedkommande likar til frukost. Det å ikkje møte blikket til pasientane blei opplevd lite inntonande frå pasienten si side. God inntoning fekk informantane til å føle seg som ein person (Giske 2014). I eit subjekt til objekt syn er reglar styrt av institusjonen og lite brukarstyrt. I eit subjekt til subjekt syn er terapeuten opptatt av den andre er eksperten på sine opplevingar og tar den andre sitt perspektiv (Schibbey 1998). Pasientar i undersøkinga satt pris på at personalet tek seg tid til ein samtale sjølv om dei ikkje veit noko meir i pasientsaken, og at dei blir møtt på kjenslane dei har. For å kunne tone seg inn på den enkelte er dialog viktig, på grunn av at ein kvar pasient har ulike behov (Giske 2014).

Pryce (2012) gjorde ei undersøking på forholdet mellom mentorar i skulen og elevar, 39 mentorar og 33 elevar blei intervjuet. Studien viser at inntona mentorar var opptatt av at forholdet mellom mentor og elev skulle vere likeverdige. Dei var fleksible og kreative i forhold til eleven kroppsspråk og kommunikasjon. Mindre inntona mentorar ga dårleg repons på elevens behov, og hadde liten eller ingen fleksibilitet når det blei utfordringar i relasjonen.

Dersom den terapeutisk relasjonen blir prega av stagnasjon kan det i følge Myklebust og Bjørkly (2011) handle om at hjelparen ikkje er inntona nok. Schibbey (1998) skildrar at det er lett å forveksle kjensla av stagnasjon, men at ein som profesjonell ikkje er flink nok. Dersom hjelparen blir trua kan hjelparen ha eit diagnostisk blikk på den andre, og heller bli

opptatt av kva som er feil med den andre. Dersom hjelparen ikkje har oversikt over kjenslene sine, er det desto lettare å blande desse med den som oppsøker hjelp sine (Schibbye 1998). Terapeuten kan og agere som subjekt eller objekt, dersom terapeuten er objekt ser ho ikkje sin eiga betydning for relasjonen. I møte med personar som har utfordringar med sitt eige sjølv er det viktig å møte eit subjekt. Terapeutens sjølv kjem blant anna til syne ved inntoninga, det å sette grense, og det å gje respons ut frå seg sjølv. Å ha eit tydeleg subjekt er ikkje å vere venn med den andre, men å vere der som ein person som kjem med tilbakemeldingar som den andre kan bryne seg på (Shibbey 2012). Myklebust og Bjørkly (2011) belyser at ein inntonande og kjenslemessig samstemt terapeut kan endre opplevinga til både terapeut og den som får oppfølging til det betre.

Daniel Stern utvikla ein teori om korleis eit sjølv blir til, desse fasane strekk seg frå 0 – 2 månadar til 3 år. I utviklinga av kjernesjølv er kontakta med foreldre eller nære sentralt. I følgje Stern kan det oppstå inntoningssvikt dersom barnet ikkje blir sett og forstått ut frå sine grunnleggande behov. Dei fire inntoningstypene handlar om omsorgspersonar som ikkje har fange opp barnets behov. Den første inntoningssvikten er: manglande kjenslemessig inntoning: barnet får ikkje bekrefte sine tankar og kjensler, dette kan gi barnet ei kjensle av å vere åleine, og kanskje utvikle ei eiga verd/fantasiverd for seg sjølv. Ved selektiv inntoning koblar foreldra seg på visse kjensler, medan andre ikkje, då kan barnet bli opptatt av å svare til andre sine forventingar og kan utvikle eit falsk sjølv. Ved feil inntoning så blir barnet møtt av foreldre på ein måte som ikkje passer til kjensleuttrykket, dette kan føre til at barnet ikkje klarer å forstå og ha innsikt i sine eigne kjensler. Overinntoning handlar om å ta over den andre si oppleving eller vere invaderande i forhold til kva den andre kjenner, slik at den andre veit betre kva du kjenner enn deg sjølv eller at reaksjonen til den andre ikkje passer til di oppleving (Urnes 1997).

Karver m.fl (2008) intervjuar 23 ungdommar og 6 terapeutar mellom 13 – 17 år med depresjon eller angst, om kva som er viktige terapeutiske eigenskapar. Studien viser at terapeutar som er ufokuserte på den som går i terapi og ikkje tilstades med det som skjer her og no, eller pressar ein ungdom til å snakke, gir dårlegare samarbeid og terapiutfall. Piper m.fl (2001) har ein kvalitativ studie på unge personar som sluttar i terapi. Studien viser at ungdommen som går i terapi og er misnøgde med terapeuten har forsøkt å tatt opp temaet direkte med hjelparen før dei slutta. Fleire av ungdommane som sluttar i terapi har blitt møtt med tilbakemelding frå terapeut at misnøya ikkje handlar om den profesjonelle,

men om den som går i terapi sine tidlegare relasjonell erfaringar (Piper m.fl i Safran, Muran, Samstag, Stevens 2001). Fleire studiar viser at terapeutar som jobbar med å styrke samarbeidet, når det er utfordringar i relasjonen, dannar sterkare samarbeid med den som går i terapi. For å reparere ein relasjon mellom terapeut og den som går i terapi kan ein bruke desse fire stega:

- 1) Snakk om den situasjonen kvar det blei vanskeleg
- 2) Utforsk opplevinga til den som går i terapi om det som var vanskeleg
- 3) Om det er unnvikelse til å snakke om det utforsk den
- 4) La den som går i terapi få formulere ønske og behov vidare for relasjonen.

Artikkelen legg vekt på at det er viktig at terapeuten ikkje er i forsvarsmodus i samtale med den som mottek terapien når ein samtalar om relasjonsbrot (Safran, Muran, Samstag, Stevens 2001).

## **2.4 Sjølvpsykologisk miljøterapi og arbeid med ungdom**

Når ein jobbar miljøterapeutisk er relasjonen med den ein møter i kjerna av arbeidet. Det er relasjonen som skapar nærheit, forståing og utvikling i oppfølginga. I ein profesjonell relasjon er det heilt avgjerande at ein brukar empati i møte med den andre (Landmark og Stokvold 2016). I følgje Sundet (2016) er miljøterapien annleis ein samtaleterapien og bør bli sett på som ei eiga terapiform. Miljøterapeuten kan komme inn på eit terapeutisk spor, via det som skjer her og no, og det kvardagslege og uformelle er i fokus.

Allianse er ikkje eit omgrep som tilhøyrrer sjølvpsykologien, men eit omgrep som handlar om terapeutisk arbeid på eit meir generelt grunnlag. Allianse handla om den terapeutiske relasjonen, om tillit og det å kjenne seg alliert med den profesjonelle for den som går i terapi (Schibbye 2012). I følgje Benum, Axelsen og Hartmann (2013) er allianse ein av dei viktigaste faktorane til at terapien virka, den som er ansvarleg for alliansen er terapeuten. For å kunne skape allianse med den andre må miljøterapeuten vere tilpassingsdyktig. Miljøterapeutar som er opptatt av allianse vil vere raskt ute med å forsøke å oppretthalde ein relasjon istadenfor å utfordre (Benum, Axelsen og Hartmann 2013).

I følgje Schødjt (2007) kan ein bruke inntoning i ein miljøterapeutisk kontekst. Ved sterke kjensleuttrykk og ein person som har ein svak sjølv samanhang kan inntoning i miljøterapi vere med å reparere manglande inntoning frå tidlegare. Sjølvobjekta blir utvikla tidleg i livet, miljøterapeuten kan vere eit slikt sjølvobjekt til å hjelpe den andre til å bli eit meir modent sjølv. Det tripolare sjølvet som er alter ego (speilande), idealiserande eller tvillingssøkande kan anvendast av miljøterapeutar til å bekrefte opplevinga til den enkelte, vere ein stødig person som dei kan lene seg til eller som styrka kjensla av vere lik nokon eller delta i eit fellesskap.

Dersom forståing og empatisk søken av den andre er tilstades i alle i teamet, kan det vere mogleg at dei tilsette inntoner seg kollektivt. Dette kan gi den som møter teamet ein kjensle av å bli romma, vidare kan det dempe konflikthar, minske smerte og styrke sjølv samanhang til den er i miljøterapien (Schjødjt 2007). Campling (2015) skriv ein artikkel om intelligent snillheit, som handla om korleis eit team jobbar saman på ein sjukehusavdeling. Campling er opptatt av at det er viktig at teamet på sjukehusavdelinga er samstemte om korleis dei ønsker å behandle pasientar.

Schibbye (2012) skildrar overføring som å ta med seg relasjonelle opplevingar frå tidlegare i møte med terapeuten. Ved motoverføring er det terapeuten som har med seg opplevingar som kan prege relasjonen. Overføring og motoverføringar kan tyde på svekka sjølvavgrensing og sjølvrefleksivitet. Teikn på at terapeuten motoverfører spenner seg frå å ikkje involvere seg i den andre, til eit overflatisk blick til det å overidentifisere seg med den andre. Motstand blir forstått som både bevisst og ubevisst, den førstnevnte handlar om den andre unnlet eller ikkje ønsker å fortele noko fordi relasjonen ikkje er klar for det. Sistnevnte handlar om motstand på eit meir ubevisst plan. Schjødjt (2007) skriv om korrigerande emosjonell oppleving, som handla om å bli møtt på ein anna måte enn tidlegare, og derfor ikkje har behov for å komme med den motstanden som vedkommande hadde tidlegare. Ein miljøterapeut som speilar slik at den andre blir bevist på noko var vanskeleg å snakke om kan hjelpe vedkommande å ikkje gjentar det same mønsteret. Schibbye (2012) uthevar å bruke tolking som terapeut med forsiktighet. Det er alltid den du møter som skal få definere samanhenger om seg sjølv. Miljøterapeuten skal ikkje agere som foreldre eller nær omsorgsperson, men kan med ei treffande inntoning, hjelpe den andre til betre sjølvregulering (Schibbye 2012).



I ein artikkel om sjølvpsykologi, traume og ungdomstid skildrast ein terapeut i møte med ungdom som i løpet av oppfølginga oppleve ei traume innad i familien. I artikkelen blir det særreigne med å jobbe med ungdom og ungdomstid tatt opp, då ungdommen går igjennom puberteten og endringar i seg sjølv, som kan gjere det vanskelegare å halde ut frustrasjon enn vaksne (Mishne 2001). I følgje Stormo (1998) blir ungdomstida sett på som ei viktig fase å ha trygge sjølvobjekt, fordi ungdommar treng å bli speila og ha trygge vaksne å sjå opp til for å sjølv kunne utvikle seg. Mishne (2001) skildrar ei traume som ei oppleving som overvelda deg, og gjer deg ute av stand til å ta den inn over deg og tilpasse deg den. Traumatiske opplevingar i ungdomstida, kan vere vanskelegare og kan ha verre følgje, då den i tillegg til å sette personen ute av stand, kan forsenke modning i overgangen til å bli vaksen. I artikkelen blir ikkje ungdommen tilstrekkeleg støtta av sjølvobjekt i ei sårbar fase, då foreldra sjølv har det vanskeleg. Dette kan gjere det utfordrande for ungdommen å utvikle eit samanhengande sjølv.

I ein kvalitativ forskning av mindreårige flyktningar blir inntoning skildra som av stor betydning med tanke på ungdom som har hatt traumatiske erfaringar (Skårdalsmo og Harnischfeger 2017). Sveinsdottir m.fl (2018) sin studie av 96 unge mellom 18 – 29 år utanfor arbeid eller utdanning, viser at relasjonelle utfordringar blir sett som hovudårsak til helseutfordringa som hindrar arbeid eller skule for informantane. I tillegg rapportera 66 % av deltakarane i ein studien at dei har blitt mobba. Ramsdal, Bergvik og Wynn (2018) intervjuar 14 ungdommar, 7 av dei har slutta på vidaregåande for 2 – 5 år sida, dei andre 7 går siste året på vidaregåande. Studien legg vekt på at ungdommar som sluttar på vidaregåande har halvparten så god sosial støtte frå nære og hjelpeapparatet elles enn ungdom som går i vidaregåande. Ein informant oppgir at relasjonar i familien var ein medverkande grunn til at ho sluttar, ho fortel at ho kjente seg ubrukeleg og verdiløus og at desse kjenslene blei så sterke at ho til slutt avslutta vidaregåande. Fleire av dei som slutta fortel at dei ikkje fekk nødvendig tilrettelegging av læringsvanskar og psykiske vanskar i vidaregåande, og at dette var med på å gjere at dei slutta. I tillegg ser det ut til at det å slutta på vidaregåande kan vere psykisk utfordrande i seg sjølv (Ramsdal, Bergvik og Wynn 2018).

## **3.0 Empiri**

### **3.1 Leander**

Leander 18 år hadde gått på Broen ein måned. Før han starta på Broen hadde han gått Vg1 TIPP to år etter kvarandre, men han hadde ikkje klart å gjennomføre året på grunn av for stort fråvær. På Broen var Leander ein stille gut, men han hadde fortalt oss at han var flink å mekke bil og han hadde ein del venner han var saman med på fritida. Han kom ofte til Broen med oljete hender. Leander hadde fortalt oss at han budde heime med mor og to søsken, ein bror som gjekk på vidaregåande, ein yngre bror som gjekk på ungdomsskulen og var mykje borte frå skulen på grunn av at han trivast dårleg. Leander var bekymra for korleis ting utvikla seg med broren. Mora hadde ei lita leilegheit og det var trongt å bu der for han og søskena, på grunn av dette sov Leander på sofaen. Leander sine foreldre var skilte, og far hadde stifta ny familie. Og Leander kjente seg litt gløymt av far. Leander har ein bror som tidlegare hadde vore i ei bilulykke. Det gjekk bra med broren no, men det hadde vore dramatisk lenge, og dette tenkte Leander mykje på.

Leander hadde dei første to vekene møtt opp kvar dag og virka motivert for Broen, dei siste to vekene hadde han hatt lite oppmøte, og dersom han ikkje kom, fekk vi ikkje tak i han på telefon og fekk ikkje svar når vi spurte om han kom. Vi tilsette ønska å få han i dialog om kva som var vanskeleg med tanke på oppmøte. Leander hadde fortalt oss noko som virka som at han gjorde ting på fritida som blir sett på som kriminelt.

### **3.2 Teammøtet**

På Broen har vi tilsette teammøter ein gong i veka, der vi drøftar ungdommane som går på Broen. Vi drøfta Leander på eit slikt møte ved å bruke ein metode der vi skreiv ned ressursar og utfordringar til Leander, som vi brukar når vi ikkje heilt veit korleis vi skal gå vidare i oppfølginga av ein ungdom. På dette dokumentet stod det blant anna at vi var redd for at Leander var i eit kriminelt miljø og at han møtte opp mindre på Broen. Eg foreslo å vise dette dokumentet til han, slik at han kunne få innsyn i kva vi hadde drøfta, og at dette kunne gi rom til ein samtale om dei tinga vi lurte på ved Leander.

Seinare den veka hadde eg og ein kollega ein samtale med Leander. Vi fortalte han først at vi hadde diskutert han på eit teammøte, og at vi var usikre på korleis vi skulle hjelpe han

vidare. Eg og ein kollega viste han arket med ressursar og utfordringar. Under møtet var Leander stille og hørte på det vi sa til han, og såg på punkta på arket. Etter dette kom han ikkje tilbake, og han tok heller ikkje telefonen når vi ringte til han, og vi fekk ikkje kontakt med han igjen.

### **3.3 Ettetanker**

No nokre år etter har eg kjent på ein følelse av uro angående korleis vi møtte Leander. Eg har tenkt at det vi tok opp blei for sterkt og at vi var for lite opptatt av korleis det var for han å motta det. Eg har tenkt at det kunne opplevast konfronterande for han at vi tok det opp denne måten, og at dette kunne ha medført til at han braut kontakten med Broen. Eg forstår det som kritisk når dette skjer, då vi jobbar med ungdom som har slutta på vidaregåande, og mange av dei har brote relasjonar innan skuleverket frå tidlegare.

## 4.0 Diskusjon

### 4.1 Å forstå Leander i lys av sjølvpsykologi

I følgje Bowlby treng ein person å bli romma for å sjølv bli trygg (Schibbye 2012). Det kan hende Leander trengte å bli møtt av tilsatte på Broen som gjorde han trygg. I følgje Ramsdal, Bergvik og Wynn (2018) får unge utanfor vidaregåande mindre sosial støtte frå nære og hjelpeapparatet enn dei som er i vidaregåande. Det å ha slutta på skulen kan i seg sjølv gi psykiske utfordringar. Dette kan gjelde Leander og som har gått på TIPP VG1 andre året på rad utan å fullføre. I same studien fortel ein informant at ho kjente seg ubrukeleg og verdiløus og at desse kjenslene blei så sterke at ho slutta på skulen (Ramsdal, Bergsvik og Wynn 2018). Det kan ha vore vanskeleg for Leander å ha slutta to gongar på vidaregåande. I følgje sjølvpsykologien er det terapeuten sin oppgåva å vere sensitive på den andre (Svantorp 2011), det kan forståast i retning av at vi som tilsette på Broen burde vore ekstra observant på korleis dette var for Leander.

Leander har fortalt oss om vanskar i familien med skilsmisse, trafikkulykke og det å bu trongt på kvarandre heime med mor. I tillegg til bror som Leander er bekymra for, då han er mykje vekke frå ungdomsskulen. Vanskar i nære relasjonar blir av fleire unge sett på som medverkande årsak til utanforskap frå skule og arbeid «Ramsdal, Bergsvik og Wynn 2018 og Sveinsdotter m.fl 2018». Skårdalsmo og Harnischfeger (2017) legg vekt på at ungdom som har opplevd noko traumatisk i større grad kan ha behov for å bli møtt med inntoning. I følgje Stormo (1998) kan ungdommar som har opplevd traumatiske opplevingar i ungdomstida, ha større vanskar med å takle dette, då ungdomstida i seg sjølv inneheld endringar og utvikling. Leander opplevde at foreldra blei skilt når han var ganske ung, at broren blei utsett for ei trafikk ulykke. Det kan ha ramma familien hardt, og det kan og hende at familien opplevde dette traumatisk. Dette kan ha seinverknadar i livet til Leander, og kan ha medverka til at han ikkje klarte å fullføre vidaregåande, og at han begynte på Broen, det kan og ha samanhang med at han ikkje lengre svara dei tilsette på Broen.

Sjølvobjekta er dei viktige andre i livet (Karterud 1997), Mishne (2001) legg vekt på at manglande sjølvobjekt i foreldre som sjølv står i utfordrande familiesituasjon, kan gjere nære relasjonar meir uttrygg for ungdommar. Dersom Leander ikkje har blitt møtt med

inntoning frå foreldre eller skule, kan det prege korleis han har det no (Svantorp 2011). Dersom han ikkje har fått den støtta han treng av foreldra eller andre nære i utviklinga av sitt sjølv, kan Leander ha behov at dei tilsette på Broen er fleksibel og inntona på han, og tar ansvar for relasjonen (Schibbye 2012). Sjølvpsykologien er opptatt av at det er terapeuten som skal nå fram til den som går i terapi (Karterud 1997), og at svikt i relasjonar frå tidlegare er med å påverke ein person (Hartman 2008).

Når vi som team diskuterte Leander på møtet var vi meir opptatt av korleis han kunne nytte seg av Broen, enn korleis Broen kunne tilpasse seg Leander. Han hadde fortalt oss om vonde opplevingar frå tidlegare, når vi diskuterte han var vi lite opptatt av korleis dette prege Leander i dag, og korleis situasjonen med mindre oppmøte på Broen, og anna atferd også kunne bære preg av det han har stått oppi. Karterud (1997) skriv om re-traumatisering, som handla om redselen for å gjenoppleve traumatiske hendingar frå tidlegare. Dersom Leander har opplevd å mislukkast i skulen, og om dette var traumatisk for han, eller at han er redd for å komme oss tilsette nær, fordi han har opplevd å miste kontakta med andre nære tidlegare, kan dette vere med på å gjere at han ikkje lengre svara.

I det tripolare sjølvvet ser ein for seg at ein person har eit sjølv som er inndelt i tre polar: alterego, idealiserande og tvillingssøkande (Karterud 1997). Dersom Leander ikkje har hatt viktige andre som har fylt desse rollene for han, vil han trenge at nokon stepper inn i dette, slik at han kan styrke utvikling av det han manglar i seg sjølv. I følgje Myklebust og Bjørkly (2011) kan inntoning skje gjennom felles aktivitet. I miljøterapien er det kvardagen og det uformelle som er i fokus. På Broen driv Leander med produksjon saman med tilsette på Broen og andre ungdommar. I denne settingen er det mange situasjonar der Leander kan oppleve at han får støtte, anerkjenning og utfordring som hjelp han å utvikle seg sjølv (Landmark og Stokvold 2016). Det tripolare sjølvvet har tilhøyrande sjølvobjekt som kan fylle behovet for eit ideale, likheit eller å bli spegla. Eit sjølvobjekt er ikkje noko som er eksklusivt for terapeuten, men alle personar eller organisasjonar vi omgir oss med (Karterud 1997). Leander kan få viktige sjølvobjekt inne på Broen både i form av tilsette, ungdommar eller Broen som heilheit. Broen kan hjelpe Leander med å få fleire viktige andre i livet sitt, som til dømes ein arbeidsgivar, aktivitetar og organisasjonar eller anna hjelp. Kanskje også bidra til å betre kommunikasjon med foreldre eller andre nære om Leander har behov for det.

## 4.2 Kvifor kom ikkje Leander tilbake til Broen og kva kunne vi gjort annleis?

På Broen har vi anledning til å nå fram til den enkelte via miljøterapi og arbeidstrening. Det at det tilsette blir kjent med ungdommane gjennom felles aktivitet blir sett på som ein sentral del av Broen. I følgje Schibbye (1998) kan ein ha eit objekt eller subjekt syn på den ein møter i terapi, ut frå dette forstår eg det slik at vi hadde eit objektsyn på Leander der det var viktig å få Leander til å følgje Broens tilbod. Hadde vi møtt Leander som eit subjekt ville vi ha etterspurt hans oppleving av korleis det var å gå på Broen, og korleis Broen kunne gje han best mogleg hjelp. Hjelparar som kjenner seg trua kan få eit diagnostisk blick på den andre (Schibbye 1998). Det å redusere Leander til ressursar og utfordringar på teammøtet kan peike i retning av eit diagnostisk blick. Dette kan ha ført til at Leander ikkje blei møtt som ein person, men meir som ein av dei vanskelegstilte ungdommane som vi skulle hjelpe.

I følgje Schibbye (2012) kan motstand vere bevist eller ubevisst. Når Leander braut kontakta med Broen, kan det vere ein bevist motstand. Dersom Leander hadde som vane å ikkje snakke meir med personar som utfordra han og ikkje var klar over det, kunne det vore ein ubevisst motstand. Det kan hende Leander kjente seg tolka av oss på Broen, då han fekk lista over ressursar og utfordringar. Schibbye (2012) legg vekt på at terapeuten ikkje skal tolke den andre, men at ungdommen sjølv finn samanheng i livet sitt. Den lista vi skreiv om Leander ressursar og utfordringar ber preg av det er dei tilsette på Broen som tolkar, og ikkje Leander sjølv.

I følgje studien til Karver m.fl (2008) kan relasjonsbrot i arbeid med ungdom ofte skje utan at terapeuten merkar det sjølv. Det kan vere at terapeuten er ufokusert og ikkje ser at den andre blei opprørt av noko vedkommande gjorde, og det kan vere ungdommar som ikkje er van med å gi tilbakemelding. Studien til Safran, Muran, Samstag og Stevens (2001) viser at ungdom i terapi som sluttar brått har forsøkte ta opp noko terapeuten gjorde som dei ikkje likte, men at den profesjonelle kom i forsvarsmodus og uttrykte at det dei opplevde at det hadde rot i tidlegare relasjonar (Safran, Muran, Samstag og Stevens 2001). Det kan hende at Leander forsøkte å sei i frå til oss om noko som ikkje fungerte for han på Broen. Leander nemnte blant anna at han dreiv med ting som blir sett på som kriminelt. Dette fant han som eit punkt på lista med utfordringar og ressursar. Når vi tok opp desse punkta på

møtet med Leander var han stille og sa lite, kanskje uttrykte han noko som vi ikkje la merke til. Pryce (2012) skriv at inntona mentorar var opptatt av å gje og ta, fleksible og merksam på elevens kommunikasjon og kroppsspråk. I møte med Leander klarte ikkje vi å vere tilstrekkeleg fleksibel for å nå fram til hans oppleving. Det kan hende dette gjorde at vi ikkje fekk tak i kva han følte og tenkte.

Korrigerande emosjonell oppleving handla om å bli møtt på ein anna måte enn tidlegare, og derfor ikkje ha behov for beskytte seg sjølv med motstand (Schjødt 2007). Leander slutta å møte på Broen. Det kan hende Leander hadde reagert slik tidlegare. Dersom vi hadde møtt Leander annleis i situasjonen, kan det vere at det hadde blitt ei korrigerande emosjonell oppleving. Hadde Leander klart å slept motstanden og vist kva han følte kunne dette blitt ein vitalitetsaffekt (Urnes 1997). Dersom vi hadde affektinntona oss på Leander, ved å møte han på ein måte han kjente seg sett og forstått i, kunne dette ha vore med på å reparert tidlegare inntoingssvikt. Hadde vi fylt behova til Leander for sjølvobjekt i det tripolare sjølvvet, kunne vi på sikt hjelpt Leander til å bli eit meir modent sjølv. Dette kunne ha gjort det lettare for han å fortelje kva han følte på, istadenfor å flykte frå situasjonen. Dersom dette hadde vore ei treffande inntoning, kunne Broen fått vite kva Leander ønska av hjelp og støtte for å komme vidare (Schjødt 2007).

I følgje Urnes (1997) handlar inntoning om å komme passeleg nær. Hensikta med inntoninga som foregår på Broen er å gjere den enkelte ungdom trygg og at denne tryggleiken kan vidareførast til andre stadar som på skulen eller på ein arbeidsplass. Hadde vi møtt Leander på ein meir inntonande måte, hadde vi brukt meir tid på han, hatt anledning til å møte han med hans stemning og etter hans behov. For å finne ei inntoning som er tilpassa Leander, er det viktig å komme i dialog med han (Giske 2014). Det ville for eksempel vere å sette seg ned ved sida av han, høyre korleis han hadde det, spurt om det var noko han hadde lyst at vi skulle gjere saman. Høyrte kva som var av betydning for han framover på Broen.

Ved god inntoning kan ein utvikle seg sjølv og det kan vere med på å betre relasjonelle sår (Stern 1985 i Johansen 2014). Dersom Leander har erfaringar frå tidlegare som er vanskelege å takle, er det sentralt at han blir møtt av miljøterapeutar som har tid til nettopp han, og sett seg inni korleis det er for han om dagen. I følgje Erskine (2015) kan det å bli møtt av ein inntonande terapeut, gjere at Leander kan komme i betre kontakt med eigne

kjensler. Kan det vere at det er konflikhtar eller vanskar heime med nær familie? Leander har fortalt om at faren har starta på ny med ny familie og at dei har lite kontakt.

Sveinsdottir m.fl (2018) belyser at fleire unge utanfor vidaregåande beskriv relasjonar heime eller med vennar som medverkande til at det var vanskeleg å vere på skulen. Dette kan også vere noko som gjere det vanskeleg for Leander å møte opp i arbeidstrening på Broen.

Inntonning er ikkje berre ord, men alt ein gjer for å nå fram til den andre, hensikta med inntonninga er at det skal føles bra og rett for Leander «Myklebust og Bjørkly 2011, Giske 2014». Leander er interessert i å skru på bilar, vi kunne ha møtt Leander på verkstaden, slik at han kunne vise oss kva han holdt på med der. Eller vi kunne tilbydd han eit besøk til ein praksisplass som var etter hans interesserer. For å vise han at vi hadde lytta til han, og blitt kjent med kva han likte. Kanskje kunne vi tatt ein biltur med han, fokusert på å få ein betre og tryggare relasjon til han før vi tok opp det vi lurte på. Safran, Muran, Samsteg og Stevens (2001) utheva at det er sentralt at terapeuten ikkje kjem i forsvarsmodus når ein forsøker å løyse ei utfordring i relasjonen. I lys av dette er det av sentralt at Leander som hadde vore borte frå Broen utan å sei i frå, ikkje blir stilt til veggs til om kvifor han ikkje møtte, og at andre ting vi lurte på ved Leander blir tatt opp på ein god måte til rett tidspunkt. Myklebust og Bjørkly (2011) uthevar at det å forsøke å forstå den andre kan skape bevegelse i ein fastlåst relasjon. Ein relasjonsfokusert og inntonande praksis handlar om forsøke å lese den andre sine signal, og vere sensitiv for når og på kva måte den andre er klar for at vi tar opp eit vanskeleg tema (Benum, Axelsen og Hartmann 2013). Når eg og ein kollega gjekk gjennom punkta med Leander, kan det sjå ut som at dette verken var rett tidspunkt eller måte å snakke med han om dette på.

I undersøkinga til Piper m.fl (2001) kjem det fram at ungdommen har forsøkt å seie ifrå til terapeuten, men at terapeuten ikkje har tatt imot det som har blitt sagt, dette har ført til at ungdom ikkje kom tilbake til terapien (Piper m.fl 2001 i Safran, Muran, Samsteg og Stevens 2011). Leander møtte opp dei første fjorten dagane, men begynte etter kvart å møte opp mindre, og ikkje gi beskjed til personalet. Kva Leander forsøker å sei med det han gjorde er ikkje godt å stadfeste. Dersom Leander har lav sjølv samanhang eller modning, kan det vere vanskeleg for han å sette ord på kva han føler. Det er derfor av stor betydning at vi som jobbar på Broen forsøker å komme nærmare Leander slik at Leander kunne komme nærmare seg sjølv (Erskine 2015).



Daniel Stern har fire inntoningstypar (manglande, selektiv, feil og overinntoning). Med tanke på Leander tenker eg at vi som team ikkje inntona oss riktig på behova han hadde. Døme på dette er at vi møtte han med ei liste som vi hadde diskutert på teammøte, at vi ikkje fant den personen med best relasjon til Leander av oss tilsette og den settingen Leander var komfortabel å komme i dialog med oss på. Og at vi hadde hastverk i å finne ut kva som var gale, istadenfor å ta det opp når tidspunktet og relasjonen var klar for det. Dette kan vurderast som ei manglande inntoning. Ved ei manglande inntoning får ikkje den andre bekrefte sine tankar og kjensler (Urnes 1997). Dersom Leander følte det slik, kunne det vere at han søkte vekk frå Broen og heller ville vere i sin eigen verd, der han kan vere seg sjølv (Urnes 1997). Leander hadde fortalt oss at han dreiv med ting som grensa mot det kriminelle, og han fant dette som eit punkt på lista over ressursar og utfordringar. Dette temaet var noko som krevde god timing og kjenslemessig inntoning. I undersøking frå ei sjukehusavdeling, blir det beskrevet at pasientane merkar ei manglande inntoning når dei søkte blikket til sjukehuspersonalet, og ikkje oppnådde kontakt (Giske 2014). Kontakt blir av Erskine (2015) sett på som ei viktig del av inntoninga, og manglande kontakt og respons vil svare til det omvendte (Giske 2014). I møte med Leander klarte ikkje vi å opprette denne kontakta med han, i ein situasjon der relasjonen han hadde til Broen var i risiko. Relasjonar som ikkje er prega av inntoning kan vere prega av tomheit, angst, frustasjon og aggresjon (Erskine 2015). Det kan hende at måten Leander blei møtt på framkalla dette i han, og var medverkande til at vi ikkje lengre fekk kontakt med han.

I følgje Safran, Muran, Samstag og Stevens (2001) si undersøking om relasjonsbrot hadde det vore viktig at vi:

- 1: Hadde spurt Leander korleis han oppfatta situasjonen med Broen og korleis dei tilsette møtte han
- 2: Utforska kva som gjorde at han ikkje svarte oss.
- 3: Dersom Leander prøvde å unngå å svare ville det vore viktig å utforske unnvikelsen, utan å presse han, slik studien til Karver m.fl (2008), viste at kunne gje dårleg utfall for relasjonen.
- 4: Fokusert på kva han ønsket vidare for å ha eit godt tilbod og gode relasjonar på Broen (Safran, Muran, Samstag, Stevens 2001).

Dersom eg skulle hatt ein samtale med Leander etter at han hadde brote kontakt med Broen hadde det i følgje Schibbye (1998) og Erskine (2015) vore viktig at eg levde meg

inni korleis dette kunne vere for Leander, og at eg i samtalen var fokusert på han, samtidig bevist på kva som var mine kjensler og kva som var Leander sine (Schibbye 1998). Det hadde vore avgjerande at eg hadde forsøkt å koble meg på han gjennom affektinntoning, for at samtalen skulle kjennast god for Leander. Det hadde vore sentralt at denne samtalen hadde ein viss betydning for Leander for å gjenopprette relasjonen (Erskine 2015). Det kan vere ein fordel at denne samtalen skjedde med ein person som var eit idealiserande sjølvobjekt for Leander (Karterud 1997).

### **4.3 Kollektiv inntoning**

Schjødt (2007) skildra at inntoning i miljøterapeutisk kontekst kan dempe følelsar, betre sjølv samanhang og reparere manglande inntoning frå tidlegare. For å få til dette er det sentralt at inntoninga finne stad i teamet. Leander møter ikkje berre ein miljøterapeut, men fire tilsette på Broen og inntoninga skjer på eit kollektivt plan. Tryggleik og varme i teamet vil derfor vere viktig for å skape god og presis inntoning. I følgje Schibbye (1998) er sjølvavgrensing og refleksjon relevant for å kunne ta imot Leander, med det han står i. Det vil vere av betydning at den enkelte i teamet kan fortelje innad i arbeidsgruppa når det er vanskeleg å inntone seg, og at Leander får hjelp av Broen, ikkje av ein kontaktperson på Broen. Det å gjere oppfølginga individuelt og ikkje forankra i tilbodet Broen kan gjere det sårbart for inntoningssvikt. For å inntone seg kollektivt er det derfor viktig at det ikkje ein konkurranse om kven som er mest populær. Campling (2015) skriv om at det er sentralt at teamet som jobbar saman er samstemte.

Sjølvpsykologien handlar om å snu fokuset til terapeuten og ikkje ha eit problemfokus på den som går i terapi (Haugsgjerdet 2009). Ser vi dette i samanheng til når vi diskuterte Leander sine ressursar og utfordringar på teammøte, var vi opptatt av å sjå etter rett og feil ved Leander. Dersom vi heller hadde snakka om ressursar og utfordringar vi som team hadde med å nå fram til Leander kunne vi ha hatt ein meir sjølvpsykologisk praksis.

Det er dei tilsette på Broen som er den ansvarlege for relasjonen med Leander, det er derfor også dei tilsette som har ansvaret for å forsøke å nå fram når det er vanskar i relasjonen (Benum, Axelsen og Hartmann 2013). Teikn på at terapeuten motoverfører kan vere å ikkje involvere seg i den andre, å ha eit overflatisk blick eller å overidentifisere seg (Shibbey 2012). Dette liknar på Daniel Stern sine inntoningssvikter, og ein måte å sjå dette på kan vere at eit teammedlem som overidentifiserer kan overinntone seg, ved eit

overflatisk blikk kan ha manglande inntoning (Urnes 1997). Ein tilsette som i periodar har liten tru på seg sjølv, kan i lys av Kohut ha ein svakheit i alterego polen (Karterud 1997), denne personen ha ei sårbarheit for å tolke korleis den dei hjelper mottek tilbodet som teikn på eigen verdi. I slike situasjonar er det viktig at kollega er observante på kvarandre, og korleis dei tilsette snakkar om dei som mottek hjelp (Schibbey 2012). Det er av betydning at teammedlemmane er opptatt av å vere sjølvavgrensande (Schibbye 1998), og ha eit tydeleg forhold til kva som er egne kjensler og kva som er den faktiske situasjonen. På teammøtet kan det vere fint å spørje kvarandre om kva tankane om Leander er basert på, er det vi som team som kjenner på stagnasjon eller er det slik situasjonen er.

Teamet kan vere eit tydeleg subjekt i møte med Leander eller eit objekt. Dersom teamet er eit tydeleg subjekt vil dei tilsette i større grad kunne inntone seg med heile sin person, å gi Leander respons utifrå seg sjølv. Eit team med eit tydeleg sjølv vil i større grad vere beivist kva som er dei ulike personar i teamet sine kjensler og kva som er Leander sine kjensler. Utan å vere ein venn, men ein som evna å gi tilbakemeldingar til Leander som gjer noko med han, og som gjer at han opplever at han møter ein personar som er inntona til hans behov, som både kan sette grense, men og vere omsorgsfull i møte med han (Schibbye 2012).

#### **4.4 Kan vi redde alle?**

Det kan hende at Leander uavhengig av korleis vi møtte han på Broen hadde slutta, men med eit sjølvpsykologisk syn på miljøterapien er det dei profesjonelle som er den ansvarlege for relasjonen (Landmark og Stokvold 2016), og det å vere empatisk mot den andre, forsøke å forstå i stadenfor å klandre (Erskine 2015), vere beivist seg sjølv (Schibbye 1998), kan gjere at ungdommen vil kunne oppleve seg romma og kjenne at det er trygt å vere på Broen (Schjødt 2007).

Unge som har slutta på vidaregåande kan ha mange vonde opplevingar i bagasjen (Ramsdal, Bergsvik og Wynn 2018), men dei er ikkje alle like fordi om (Schibbye 2012). Det er viktig å sjå Leander for Leander, og ikkje sjå han som ein av dei vanskelegstilte ungdommane. Kunne eg endre noko i denne historien hadde eg ønska at vi ikkje viste han arket med ressursar og utfordringar. Og at vi på teammøte ikkje brukte denne metoden for å finne ut kva vi skulle gjere vidare. Eg skulle ønske at vi hadde gått litt i oss sjølv, lett etter situasjonar kvar vi som teamet hadde inntona oss riktig på Leander å forsøkt å gjere

meir av det vi gjorde i desse situasjonane. I tillegg tenker eg at vi ikkje var sjølvavgrensa nok, og at det at vi begynte å misse litt taket på Leander gjorde oss redd for at vi ikkje var flinke nok (Schibbye 1998). I den redselen var det lettare å skulde på Leander å sei «ein kan ikkje vinne alle». I lys av at terapeutisk allianse blir sett på den viktigaste eigenskapen for å gi god oppfølging (Benum, Axelsen og Hartmann 2013). Understreker dette betydninga av eit teamet som er merksam på ungdommen og opptatt av å gje den enkelte ungdom best mogleg hjelp, vinne fleir.

## 5.0 Avslutning og konklusjon

For å ha ein sjølvpsykologisk miljøterapi er det viktig å vere opptatt av korleis dei profesjonelle møter ungdommane (Urnes 1997), Ved å anvende det tripolare sjølvvet i møte med ungdommen (Schjødt 2007), kan miljøterapeuten bli eit sjølvobjekt som ungdommen har behov for i oppfølginga på Broen.

For å kunne gjenvinne relasjon med Leander, er det sentralt at vi prøver finne ut korleis måte han ønsker å bli kontakta på ved å spørje han opne spørsmål å la han påverke (Giske 2014). I forsøk med å få kontakt med Leander er det viktig at dette skjer på ein inntonande måte, som vil sei å vere merksam på Leander og hans kommunikasjon og kroppsspråk, i tillegg til å vere kreativ og fleksibel dersom framgangsmåten ikkje fungerer for Leander (Pryce 2012). Det er i tillegg viktig at den tilsette som snakkar med Leander ikkje bestemmer seg på førehånd kva som skal tas opp, men at Leander sine behov og relasjonen kjem før behovet til det tilsette for å snakke om eit tema (Erskine 2015) . Om ein klarer å vere samstemte i teamet (Campling 2015) og ha eit kollektivt syn på inntoning (Schjødt 2007), kan dette vere med på å styrke moglegheitene for å gjenvinne relasjon.

Inntoning som blir brukt i miljøterapi er ein kollektiv aktivitet, og dersom heile teamet eller arbeidsplassen ikkje er med på å ha ein inntonande praksis, kan dette skape større risiko for inntoningssvikt. Fleire elevar som har slutta i vidaregåande beskriv at dei ikkje fekk tilstrekkeleg tilrettelegging til lærings eller psykiske vanskar i skulen (Ramsdal, Bergvik og Wynn 2018). Dersom desse elevane hadde vore møtt på ein inntonande måte, som vil sei å bli møtt med forståing (Haugsgjerdet 2009), få definere sin eigen oppleving og ha moglegheit til å påverke sin eigen situasjon (Schibbye 2012), kan det vere at nokon av desse elevane hadde fullført skuleåret istadenfor å slutte. Slik eg ser det, trengst det meir forskning for å belyse korleis inntoning kan ha samanheng med skuleavbrot og betydninga av kollektiv inntoning med ungdom som har slutta på vidaregåande eller er i ferd med å slutte.

## Litteraturliste

Benum, Kirsten, Eva Dalsgaard Axelsen og Ellen Hartmann (red) 2013. *God psykoterapi – et integrativt perspektiv*. Pax forlag: Oslo

Campling, Penelope. 2015. Reforming the culture of healthcare: the case for intelligent kindness. *BJPsych Bulletin*, volume 39, issue 1. February 2015

Erskine, Richard. 2015. *Relational patterns, Therapeutic Presence: Concepts and Practice of Integrative Psychotherapy*. Routledge.

Giske, Tove. 2014. *Som ein dans – om pasientar og helsepersonell si inntoning på kvarandre i eit utgreiingsløp i Rom for omsorg?* redigert av Frode F Jacobsen. Alvsvåg, Herdis, Oddvar Førland. 179 - 191 Fagbokforlaget: Bergen.

Haugsgjerdet, Svein, Per Jensen, Bengt Karlsson og Jon A.Løkke 2009. *Perspektiver på psykisk lidelse – å forstå beskrive og behandle 3 utgave*. Gyldendal akademiske: Oslo.

Johnsen, Astri. 2004. *Kva påvirker barns utvikling? En utviklingshistorie. Eller en terapeut i krise?* Fokus på familien 04/2004 (Volum 33)

Karterud, Sigmund. 1997. "Heinz Kohuts selvspsykologi." I *Selvpsykologi: utviklingen etter Kohut*, redigert av Sigmund Karterud og Jon T. Monsen, 13-28. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Karver, Marc; Shirk, Stephen; Handelsman, Jessica B; Fields, Sherecce; Crisp, Heather; Gudmundsen, Gretchen; McMakin, Dana. 2008. *Relationship Processes in Youth Psychotherapy: Measuring Alliance, Alliance-Building Behaviors, and Client Involvement*  
**Publication info:** Journal of Emotional and Behavioral Disorders ; Austin Vol. 16, Iss. 1, (Mar 2008): 15-28.

Mishne, Judith Marks. 2001. Psychological trauma in adolescence: *Familial disillusionment and loss of personal identity* American Journal of Psychoanalysis; Mar 2001; 61

Myklebust, Kjellaug Klock og Stål Bjørkly. 2011. "Selvspsykologiske tilnærminger til utfordringer i brukermedvirkningsrelasjoner: en kvalitativ studie blant psykisk helsearbeidere." *Vård i Norden* 31 (3): 35-39.

Landmark, Berit og Øystein Stokvold. 2016. *Den profesjonelle relasjonen i den miljøterapeutiske organisasjonen i Miljøterapi – prinsipper, perspektiver og praksis*. Berit Landmark (red), Olkoska, Alicja. 71 - 84 Fagbok forlaget: Bergen

- Sundet, Rolf. 2016. *Ambulant arbeid: En psykoterapeutisk arbeidsform inspirert av miljøterapi* i *Miljøterapi – prinsipper, perspektiver og praksis*. Berit Landmark (red), Alicja Olkoska. 87 – 105. Fagbok forlaget: Bergen
- Safran, Jeremy, Lisa Wallner Samstag, J.Christopher Muran, Christopher Stevens. 2001. *Repairing alliance ruptures*. Psychotherapy Volume 38/Winter 2001/Number 4
- Pryce, Julia. 2012. *Mentor Attunement: An Approach to Successful School-based Mentoring Relationships* Published online: 6 April 2012 Springer Science+Business Media, LLC 2012
- Ramsdal, Gro Hilde, Svein Bergvik og Rolf Wynn. 2018. *Long-term dropout from school and work and mental health in young adults in Norway: A qualitative interview-based study*. Cogent Psychology (2018), 5: 1455365
- Schibbye, Anne-Lise Løvlie. 1998. "Å bli kjent med seg selv og andre." I *Psykiatri i endring: forståelse og perspektiv på klinisk arbeid*. Oslo: Ad Notam Gyldendal
- Schibbye, Anne – Lise Løvlie. 2012. *Relasjoner – et dialektisk perspektiv på eksistensiell og psykodynamisk psykoterapi 2. utgave*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Schjødt, Torben. 2007. *Miljøterapiens relasjonelle aspekt*. København: Reitzel forlag
- Stormo, Anne. 1998. *Narcissus og Echo – barn og unge i en turbulent kultur*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Skårdalsmo, Envor M. Bjørge og Jessica Harnischfeger. 2017. *Vær snill! – råd fra enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger til voksne omsorgsgivere*. Tidsskriftet Norges Barnevern 01/2017 volum 94.
- Svantorp, Toril. 2011. *Når noen ikke snakker – beskrivelse av et samarbeid med Ine, hennes daglige omgivelser og Ambulant team i Poliklinikk for Barn og Ungdoms psykiske helse*. Fokus på familien 02/2011 (Volum 39).
- Sveinsdottir, Vigdis, Hege Randi Eriksen , Valborg Baste , Jørn Hetland og Silje Endresen Reme. 2018. *Young adults at risk of early work disability: who are they?* BMC Public Health 18:1176
- Urnes, Øyvind. 1997. "Utviklingspsykologi og selvpsykologi." I *Selvpsykologi: utviklingen etter Kohut*, redigert av Sigmund Karterud og Jon T. Monsen, 64-89. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Statistisk sentralbyrå. 2019. *Gjennomføring i videregående opplæring*. Oppdatert 13 juni 2019. <https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/vgogjen> (lasta ned 20.03.2020).







